



Endeleg betre utsyn mot Storsundet!. Biletet er frå Kvednavikjo der ryddinga har starta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Endelig skjer det noko: Oppryddinga i dei "grøne tunnelane" langs riksvegen gjennom Uskedalen er i gang. Også bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen har engasjert seg sterkt i denne saka.

Førebels omfattar hogginga ei stutt strekning ved Kvednavikjo mellom Rød og Ljosnes, men meir kjem etter kvart i - både nordover og sørover.

Prosjektleder Terje Natland ved landbrukskontoret er glad for at noko skjer – som ein lekk i samarbeidsprosjektet mellom kontoret og Silkegeigarlaget Vest. Det er også ryddja nokre mindre felt mellom Ænes og Sundal.

Men pengane er bremsen også i dette tilfellet. Fylkesmannen si landbruksavdeling har gjeve eit tilskot på 100.000 kroner og saman med andre midlar har ein førebels 150.000 til rådvelde for dette året.

- Ein når ikkje særleg langt med den summen, seier Natland til Kvinnheringen.

Svært mange grunneigarar har meldt si interesse for at noko blir gjort, men i denne omgangen er det skriva kontrakt med berre fire av dei i tillegg til grunneigarane på strekningane mellom Ænes og Sundal og i Kvednavikjo. Det har økonomiske grunnar.

Men Natland har håp om å skaffa meir pengar, til dømes frå vegvesenet.

Og alle vonar at prosjektet kan halda fram neste år, for det er utruleg som vegetasjonen mot fjorden veks for tida.